

Fra: Bente Utne (Bente.Utne@hfk.no)
Sendt: 26.10.2015 14:29:46
Til: Bente Utne
Kopi:

Emne: VS: Fv44 Bogsnes
Vedlegg: B01.pdf;B02.pdf;C01.pdf;C02.pdf;F01.pdf;H01.pdf;Teknisk-plan-Bogsnes.pdf

Fra: John Martin Jacobsen
Sendt: 5. august 2015 11:28
Til: Lise Ådlandsvik
Kopi: Bente Utne
Emne: VS: Fv44 Bogsnes

Fra: Ivar Kåre Døssland [<mailto:ivar.kare.dossland@kvinnherad.kommune.no>]
Sendt: 5. august 2015 11:08
Til: John Martin Jacobsen
Kopi: Sigbjørn Øye; Kjell Odd Nygård; Anne Sofie Bjelland Kjeka; 'Andreassen Geir Sverre'; 'jostein.vandaskog@vegvesen.no'
Emne: VS: Fv44 Bogsnes

Fra: Sigbjørn Øye
Sendt: 3. august 2015 23:09
Til: Andre Bjørndal (Andre@byggadmin.no)
Kopi: Ivar Kåre Døssland
Emne: VS: Fv44 Bogsnes

Hei!

Viser til tlf. samtale i dag(05.08.2015) vedk. prosjekt: trafikksikring av parsell av FV. 44 Bogsnes, Husnes, og vidaresender forslag til finansiering utarbeida av Sigbjørn Øye ved vårt kontor(under).

Kvinnherad kommune har i tillegg engasjert AS Norconsult til å laga forprosjekt/ kostnadsoverslag for prosjektet, foreløpige planar/ teikningar ligg ved.

HFK har løyvt kr. 500 000.- til prosjektet, under føresetnad at Kvinnherad kommune står for gjennomføring, og at tiltaket vert gjennomført i 2015.

Jostein Vandaskog og Geir Sverre Andreassen har vore involvert i prosjektet frå Statens vegvesen(SV) si side, og vore pådrivarar for løyvinga.

Dei såg for seg eit enkelt prosjekt der ein grusa opp ein" gangsti" på tilstøytande areal til fylkesvegen(Fv. 44), og løyvinga er gjort i relasjon til dette.

Då ein ikkje lukkast med å få til grunnavtale, og i tillegg møtte ein del tekniske problem ved denne løysninga, har Kvinnherad kommune valgt å sjå på ei meir framtidretta løysning i samsvar med godkjent reguleringsplan.
Tiltaket vil då bli utført på kommunal grunn.

At det, i ettertid, er starta opp omregulering av tilstøytande område til bustadbygging, har og ført til at ein ynskjer å få lagt fram vatn og straum i same tracen. Då Jostein Vandaskog vart orientert om planane, tykte han vel om dette, og han antyda at det på grunn av standardheving og kostnadsomfang kunne vera aktuelt å

få tilført prosjektet meir midlar enn dei kr. 500 000.- som var løyvt. Han tenkte då på unyttta midlar.

Før Kvinnherad kommune(AS Norconsult) går vidare med med prosjektering og anbudsgrunnlag, ynskjer vi ei tilbakemelding frå HFK om det kan bli noko ekstra løyving. Vi ynskjer og å få vita korleis HFK stiller seg om det skulle visa seg at ein får ein kostnadssprekk når ein har innhenta pristilbod på arbeidet.

Slik vi har oppfatta premissane for løyvinga er at tiltaket vert gjennomført (i alle høve oppstarta) i 20015, og at det er ingen moglegheit for overføring av denne type midlar. U t frå dette har vi knapt med tid , og det hastar med tilbakemeldingar/ avklaringar slik at vi evt. kan gå vidare med prosjektet!

For ordens skuld nemner vi at Kvinnherad kommune har rammeavtale med AS Norconsult vedk. plan/ prosjektering, og har nytta oss av denne.

Mvh!

Ivar Kåre Døssland, 970 24267

Fra: Sigbjørn Øye

Sendt: 20. juli 2015 13:09

Til: Magne Øyre

Kopi: Anne Sofie Bjelland Kjeka; Trond Sætereng; Kjell Odd Nygård; Ivar Kåre Døssland; Egil Eide

Emne: VS: Fv44 Bogsnes

Hordaland Fylkeskommune har løyvd kr. 500.000,- til ny GS veg Bogsnes. I tillegg er det von om noko meir midlar då det ser ut som nokre andre anlegg i andre kommunar ikkje kjem i gang i år.

Midlane må brukast/overførast før utgangen av 2015.

Foreløpig kostnadsoverslag viser slike kostnadar (sjå siste vedlegg):

Ny hovedvassleidning: kr. 600.000,- inkl. mva (mva belastast eigen mva rekneskap for VA)

Ny GS veg: kr. 1.050.000,- inkl. mva

Eg ser at konsulentonorar ikkje er teke med, men dette blir gjennomført som eit veldig «enkelt prosjekt», og kostnadane blir tilsvarande låge, og blir ført på investering vatn.

Ny vassleidning blir finansiert med prosjekt 5000 «Vatn utbygging generelt», der vi har disponibelt kr. 1.616.000,- per i dag.

Ledige midlar investeringspost vegar/kaiar er i sin heilhet overført kai Rosendal. Einaste midlar vi då har er:

Prosjekt 5336 «Trafikksikring». Her har vi kr. 319.000,- i disponible midlar, men desse

blir redusert med:

- Gangfelt Valen, 30 % av kostnad, vår del kr. 9.000,- inkl. mva
- Rekkverk Stussvikhovdatunnelen, 30 % av kostnad, vår del kr. 45.000,- inkl. mva
- Fartsdump ved Undarheim skule, kr. 31.000,- inkl. mva
- Reasfaltering m.m. Husnes sentrum, kr. 156.000,- inkl. mva

Såleis har vi kunn kr. 78.000,- til disposisjon.

Mulig finansiering ny GS veg kan ev. vera slik:

HFK løyvde midlar:	kr. 500.000,-
KK trafikksikringsmidlar:	kr. 78.000,-
Ekstra midlar frå HFK:	kr. 200.000,-
<u>Ny løyving KK:</u>	<u>kr. 272.000,-</u>
<u>TOTAL:</u>	<u>kr. 1.050.000,-</u>

- Såleis vil KK ta 33 % av kostnadane med ny GS veg, som er i tråd med fylkeskommunen sitt krav om min. 30% for andre trafikksikringstiltak.

-

3 alternativ til vidare framdrift i prioritert rekkefølge:

- a) KK arrangerer konkurranse med forhandling (DOFFIN), og går deretter i forhandlingar med HFK. Så politisk sak om finansiering. Prosjekteringskostnadar vert gebyrfinansiert (vatn), då ein føresetnad for planlagd bustadutbygging på Bogsnes er større vassleidning. Utbyggar på Bogsnes må i sin heilhet kosta fortau frå fylkesveg og inn i framtidig utbyggingsområde. Det same vil i stor grad gjelda ny hovedvassleidning frå fylkesveg og inn i området og avløpsleidning via sjø.
- b) Politisk sak allereie no som informerer om prosjektet
- c) Prosjektet vert utsett til anna år grunna manglande midlar

Ber om raskt svar om vidare framdrift

SØ